
Fra: Ingrid Didriksen
Sendt: torsdag 22. mars 2018 14.30
Til: 'Liv Grønningsæther'
Kopi: Einar Færø; Thor Schønning
Emne: Oppsummering møte 22.03.2018
Vedlegg: Teikningar Helsehuset .zip

Hei.

Laget ein lita oppsummering frå møte i dag:

- Søknad om rammeløyve og dispensasjonssøknadar sendast ut før påske.
- Tilbudsgrunnlag skal vere klart 23.04. Tilbudsgrunnlag skal ligge på Doffin i 5 veker. Frist ca. 28.05. Resultata av konkurransen skal kunne presenterast for formannskapsmøte 7. juni dersom det viser seg at det er naudsynt med politisk handsaming. Det er Kommunestyremøte 14. juni dersom det viser seg at formannskapsmøte glipp.
- Tilstandsrapport vert levert til Forum Arkitekter 23.03. RK ønskjer å få tilsendt denne så raskt som mogeleg.
- Energi:
 - Konsulent meiner fyrrommet er for lite for å få på plass fullstendig varmpumpesystem. Fyrrommet vert derfor utvida med planlagt kontor ved sidan av. RK høyrar med leiar for barnehage om det er naudsynt å erstatte dette kontoret.
 - Det skal vere mogleg å utvide for heile bygget i ettertid.
 - Konsulent skal beskrive to energiløsningar: luft til vannbåren varme og bergvarme.
- Kjøkken
 - Må planlegge for fettutskiljar på utsida.
 - Det må på plass kjølemaskin for frys, kjøl og søppelrom.
- Bunnleidningar
 - Konsulent brukar kamera for å sjå på tilstand.
- Tak
 - Ny takstein
- Gjerde mot RIB
 - Det er ønskeleg at Forum Arkitekter sender eit bilete på eit eksempel på korleis eit slikt gjerde ser ut.
- Rigg og drift
 - Dersom utviding av parkering gjerast først er det mogleg å ha brakke her i byggetiden.
 - Det er mogleg at entreprenør kan ha pause på teknisk stasjon som ligg rett over vegen frå Solhall.
- SHA-plan
 - Forum Arkitekter utarbeidar SHA-plan
- Byggeleiar
 - RK ønskjer at byggeleiar for bygging av Solhall enten vert lyst ut samen med bygging av Solhall, altså at entreprenør må leige inn ein ekstern byggeleiar eller at anskaffing av byggeleiar vert lyst ut for seg sjølv. Forum Arkitekter kjem med tilbakemelding på kva de anbefaler.
- Rømmingsplan Helsehuset
 - Forum Arkitekter kjem med kostnadsoverslag på å lage rømmingsplan for Helsehuset på Manger. Vedlagt ligg teikningar på bygget. Det er naudsynt med synfaring på bygget.

Med vennleg helsing,
Ingrid Didriksen
Prosjektleder

E-post: ingrid.didriksen@radoy.kommune.no
Telefon: 56 34 90 51

